

Notat

Til: Lars Ottar Sagstad

Kopi til:

Saksbehandler: Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning/Linda Hammersvik Folkestad

Vår referanse: 23/8036 - 4 / GBNR-137/471, FA-L41

Dato: 01.11.2023

Emne: Uttale ny bueining

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale ny bueining på Gbnr 137/471.


Dersom tiltakshavar skal søkje om godkjenning av ny bueining, skal det søkast om utvida bruk av eksisterande avkøyrsle. Dersom det vert gjeve løyve til utvida bruk av avkøyrsla vil det verte sett krav om at avkøyrsla skal utbetraast slik at den stettar tekniske krav til avkøyrsler frå offentleg veg. Vegmynde vil, blant anna, sette krav til svingradius, sikt, geometrisk utforming, drenering under avkøyrsla, samt at ein skal kunne snu på eigen grunn.

Med søknad skal det leggast ved følgjande dokumentasjon:


- Situasjonsplan som viser avkøyrsla med svingradius, siktsone, parkeringsplassar, samt snu areal på eigen grunn.
- Lengdesnitt som viser avkøyrsla sin geometriske utforming (fall/stigning) i målestokk 1:100 og 1:500.
- Eventuell privat avtale mellom deg og grunneigar om etablering av siktsone på annan manns grunn. Ein slik avtale bør være tinglyst.

Kva krav er det til avkøyrsler frå offentleg veg:

Svingradius: Svingradius skal være minimum $R = 4$ meter. Svingradius definerer avkøyrsla og skal sikre at køyretøy står vinkelrett på offentleg veg. Svingradius er i regelverk satt til minimum $R = 4$ meter.



Sikt: Krav til sikt i avkørsle vil avhenge av fartsgrensa i vegen. Dersom vegen ikkje er skilta med særskild fartsgrense vil fartsgrense følgje av Vegtrafikklova §6. Krav til sikt er fastsett i Vegnormal N100.




Tabell 4.1.4.2—1 — Siktkrav i avkjørsler, L2.

Trafikkmengde i avkjørel	Fartsgrense 30 og 40 km/t	Fartsgrense 50 og 60 km/t	Fartsgrense 80 km/t	Fartsgrense 90 km/t
ÅDT < 50	3	4	4	6
ÅDT > 50	4	6	6	8

Tabell 4.1.1.6—3 — Siktkrav i uregulerte X-kryss, Lg

Siktkrav,	30 km/t	40 km/t	50 km/t
Lg	20	30	45

Geometrisk utforming: På dei to første metrane skal avkørsla ha eit svakt fall frå kant kommunal veg (2,5%). På dei neste 48 metrane skal avkøyringsveg ha stigning/fall på maks 1:8 (maks 12,5%).



Snu på eigen grunn: Det er i forskrift satt krav om at ein skal kunne snu på eigen grunn. Det skal være mogleg å snu køyretøy når parkeringsplassane er i bruk.

Parkering: Krav til parkeringsplassar per bueining følgjer av gjeldande plan.